
Saksnr: 2020/1392-64
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		

Ekstra tildeling - tilskot til tiltak i statleg sikra friluftslivsområder

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordeler ekstra tilskot frå Miljødirektoratet på kr 1.260.000 som vist i tabell:

	Søkjjar	Kommune	Friluftsområde	Tiltak	Tildeling
1	Bergen og Omland Friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	HWC, restaurere kai og p-plass	650 000
2	Bergen og Omland Friluftsråd	Kvam	Holmsund	Restaurere kulturbygg	105 000
3	Bergen og Omland Friluftsråd	Bjørnafjorden	Søvikvågen	Restaurere kai/mur	140 000
4	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Lyngvik	Restaurere kai	110 000
5	Bergen og Omland Friluftsråd	12 kommunar		Skjøtseltiltak i friluftsområder	100 000
4	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Langøya	Enkelt toalett	300 000

Samandrag

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildelte 3. april, PS 39/2020 kr 5.400 mill. tiltak i statleg sikra friluftsområder. Miljødirektoratet sendte melding 22. april 2020 om ekstra statlege midlar til denne tilskotsordninga, og fylkeskommunane vart invitert til å føreslå 3-5 av søknadane som fekk avslag i tildelinga.

Vestland fylkeskommune sendte inn forslag i prioritert rekkefølge innan fristen 6. mai. Forslaget vart lagt fram som RS-sak til hovudutval for kultur, idrett og integrering 19. mai i år.

Vestland fylkeskommune mottok 3. juni e-post med melding om tildeling der oversikt i tabell viser at Vestland fylkeskommune for 2020 har fått ei ekstraløyving på kr 1.260.000 til tiltak i statleg sikra friluftsområder.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Miljødirektoratet har på bakgrunn av innmeldte behov innan fristen 6. mai, avklart fordeling av ekstra rammetildeling til tilskot i statleg sikra friluftsområder til dei 8 fylkeskommunane. Det er Vestland fylkeskommune som fordeler rammetildelinga på dei ulike prosjekta. I tabellen under viser tildelinga til dei omsøkte tiltaka i Vestland, med ei føring frå Miljødirektoratet på at friluftsområdet Kleiveland berre kan tildelast kr 650.000 grunna krav om eigenandel knytt til anna tildeling frå ei anna statleg tilskotsordning.

Prioritet	Søkjjar	Kommune	Prosjektnamn	Tiltak	Søknadssum
1	Bergen og Omland Friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	HWC, restau. kai, p-plass	750 000*
2	Bergen og Omland Friluftsråd	Kvam	Holmsund	Restaurere kulturbygg	105 000
3	Bergen og Omland Friluftsråd	Bjørnafjorden	Søvikvågen	Restaurere kai/mur	140 000
4	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Langøya	Enkelt toalett	300 000
5	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Lyngvik	Restaurere kai	110 000
					1 260 000

I dialog med Miljødirektoratet og BOF er partane samde om at BOF kan få kr. 100.000 ekstra til deira søknad med prioritet nr 1 skjøtseltiltak i friluftsområder forvalta av BOF. jfr. sak i KULII 3. april. BOF fekk tilsagn på kr 2 mill, men søkte her om kr 2 320 000.

Miljødirektoratet oppmodar til snarleg handsaming og tildeling av desse tildelingane, slik at midlane kan kome friluftsråda i hende snarast. Miljødirektoratet varslar at utbetalingsbrev vil bli sendt ut innan 14 dagar etter skriftleg melding som vart motteke 3. juni.

Vedtakskompetanse

Hovudutval kultur, idrett og integrering, sommarfullmakt ved leiar jfr. PS 102/2020. Saka vert lagt fram som RS i Hovudutvalet i møte 16. september 2020.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka gjeld tildeling av ekstra tilskot frå Miljødirektoratet.

Klima: Tildelinga vil gje meir midlar til arbeidet i friluftsråda for tiltak i sikra friluftsområder

Folkehelse: Tilrettelegging av friluftsområde er positivt for det generelle folkehelsearbeidet.

Regional planstrategi: Skjøtsel og tilrettelegging av friluftsområde er i tråd med berekraftsmåla og satsingar i regionale planar.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ønskjer å understreke det gode arbeidet friluftsråda gjer i store delar av fylket, og den gode dialogen som er mellom aktørane om tilrettelegging og forvaltning av friluftsområda. Det vart utarbeidd ei grunngeven oversikt over alle søknadane til denne ordninga etter søknadsrunden tidlegare i vår. Ved denne ekstratildelinga vart lista følgt vidare, i høve dei prioriteringane som allereie var gjort. Fylkesdirektøren tilrår tildeling som vist i forslag til vedtak, då forslaget er utarbeidd i god dialog med dei ulike søkjarane.